

Sogn Frukt og Grønt SA
Grandavegen 6
6887 Lærdal

Sogndal/Lærdal 26. mars 2021

Vestland fylkeskommune
Innovasjon og næringsutvikling
Postboks 7900
5020 Bergen

Høyring: Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland

Me viser til brev av 25.01.2021 frå Vestland fylkeskommune (ref 2020/74003-15). Sogn Frukt og Grønt SA takkar for høve til å kome med høyringsinnspel til den regionale planen for innovasjon og næringsutvikling i Vestland. Me deltok på høyringsmøtet i Sogn 1. mars, og me vil med dette også kome med eit samla høyringsinnspel.

Sogn Frukt og Grønt SA vart etablert hausten 2020 etter fusjon mellom Lærdal Grønt SA og Sognefrukt SA. Den nye verksemda representerer om lag 160 produsentar av frukt, bær, poteter og grønsaker. Geografisk dekker me områda frå Balestrand og innover Sognefjorden med produsentar i Vik, Sogndal, Luster, Årdal, Lærdal og Aurland kommunar. Hovudvolumet av produksjonen skjer i Lærdal og Sogndal kommune. Verksemda driv felles pakkeritenester og er i ferd med å bygge eit av Norges største frukt og grøntpakkeri i Håbakken i Lærdal. Det opnar i 2022, og vil då også vere ei regional «fellesplattform» for kompetanseutvikling, rekruttering, innovasjon og vidare næringsutvikling. Økonomisk prognose for den nye verksemda er omlag 120 mill kr i omsetning i inneverande år.

Vestland fylkeskommune har skissert ein struktur for tilbakemeldingane på planen. Vi føl denne strukturen so langt det er aktuelle tema/spørsmål for oss.

Spørsmål:

Strategisk retning for arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i fylket fram mot 2033? Er dei tre satsingane og tilhøyrande strategiar velegna for å nå måla? På kva måte kan planen vere eit godt verktøy til å mobilisere ulike aktørar til å delta i arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i fylket?

Overordna gir me støtte til planen, og me meiner planen i sin heilskap er god og gir ei offensiv retning for arbeidet med bærekraftig verdiskaping.

Planen ser ut til å legge stor vekt på samarbeid, samhandling og kunnskapsdeling. Dette er me glade for og støttar fullt ut. Landbruket i Noreg er avhengig av samhandling mellom produsentane, noko vårt samvirke er eit døme på. Det er gjennom samarbeid me blir store nok

til å kunne ta dei store løfta for utvikling og innovasjon. Det er også gjennom eit sterkt samarbeid me kan ta marknadsdelar og vere i posisjon til å kunne omsette varene våre, og på den måten bidra til matproduksjon og verdiskaping over heile landet.

Pakkeristrukturen på Vestlandet er eit særleg fenomen. Den har utvikla seg i generasjonar ut frå behova hjå dei små gardsbruka for samarbeid om produksjonsutstyr og sal. Pakkeria har vore og er ein nødvendig felles infrastruktur. Pakkeria har også utvikla seg til å vera ein heilt nødvendig miljøbygger og har fungert som både kompetanseutviklar, samordnar for felles satsingar, nyplantingar, produktutvikling og felles profilering og sal til dei store grossistane og kjedene. Pakkeria er såleis den heilt nødvendige felles organiseringa og pådrivaren i landbruksmiljøet. Tradisjonen gjev miljøa på Vestlandet eit fordel. Lokal organisering er allereie på plass, og kulturen og forståinga for å samarbeida er på plass. Strukturane er godt tilpassa for å møte behova for å fylle auka etterspurnad i marknaden og behovet for meir effektive, profesjonelle og dynamiske fellesstrukturar.

Ei vellukka regional satsing på landbruk og matproduksjon i Vestland må bygge vidare på desse samarbeidsformene og strukturane.

Spørsmål:

Korleis kan planen bli eit godt verktøy for å samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk?

Sogn Frukt og Grønt driv allereie grøntproduksjon på fornybare ressursar. Men det er naudsynt med stadig utvikling og forbetring. Og då er samordning av offentleg innsats og verkemiddelbrukt særskild viktig.

Me støttar planen sin omtale av behovet for forbetring av eksisterande produkt, teknologi og tenester. I ein region som skal gjennom store omstillingar, er det også viktig å ivareta næringane som allereie produserer ut frå fornybare ressursar, men som treng vidareutvikling framfor omstilling.

Tilgang til ny eller forbetra teknologi er viktig. Dette har me arbeidd lenge med (td. avansert optisk sortering av all frukt), og me er glade for at planen vektlegg dette. Bønder er interesserte i teknologi og landbruket har teke store effektiviseringsgevinstar basert på ny teknologi. Men dette er i stadig utvikling, og no er presisjonslandbruk og robotteknologi på full fart inn. Det er viktig å bygge kultur for å ta i bruk ny teknologi, og at regionale satsingar og løyvingar bygger opp under dette. Me er svært avhengig av at regionale verkemiddel, Innovasjon Norge, kommunale satsingar og nasjonale verkemiddel kan samverke. Vestland fylkeskommune bør ha ei særleg rolle i å utvikle handlingsplanar som fangar opp spesifikke regionale behov i næringa, og tilordnar verkemiddel og utviklingsressursar til behova. Konkrete fleirårlege handlingsplanar utvikla saman med næringa blir avgjerande for å lukkast.

Spørsmål:

Andre vesentlege innspel til planen?

Me er glade for at temaet «areal til næringsutvikling» er ein del av planen. Den peikar på at areal er ein føresetnad for å få gjennomført ambisjonane med grøn næringsutvikling,

samstundes som den også erkjenner, at eigna areal mange stader er mangelvare. Den nasjonale jordvernstrategien blir vektlagt i planen. Dett er viktig og bra. Me vil peike på eit par suksessfaktorar ved frukt- og grøntproduksjonane i vår region, som er viktig å underbygge og ta vare på i planlegginga av framtidig arealutnytting.

Me blir betre produsentar av at mange rundt oss driv med det same. Det å ha eit samanhengande landbruksdistrikt rundt kulturane me produserer er ein stor styrke i forhold til kompetanseutvikling, infrastruktur i pakking/sal/distribusjon, og det bidreg med moment til vidareutvikling og innovasjon. Eit døme på dette er vårt nye frukt- og grøntpakkeri på Håbakken i Lærdal på 7000m² som blir landets mest moderne anlegg av denne typen.

Naturgjevne føresetnader for frukt, bær og grøntproduksjon er mangelvare i Noreg. Men akkurat i Vestland er det særlege naturgjevne mulegheiter. Våre gardar er små, men med 40 daa fruktjord har produsentar likevel nok til å kunne leve av garden. Det betyr at om-disponering av ein tilsynelatande liten del av dette arealet for ein enkelt produsent, vil gje forholdsvis stort utslag for om den enkelte garden har eit livsgrunnlag for å kunne leve heilt eller i stor grad av gardsdrifta.

Under temaet areal til næringsutvikling, er det også viktig å legge til rette meir areal til jordbruk innanfor grøntsektoren. I jordbruksoppgjæret 2019 vart avtalepartane einige om å etablere ei særskilt satsing på grøntsektoren med mål om å auke norskandelen, og møte auka etterspurnad med mest mulig norskprodusert vare. Gartnerhallen/Bama ynskjer ei volumvekst på 50% og ein verdiauke på 150% innan 2030. Denne veksten må også vår region ta del i.

Noko av veksten bør takast ved å utnytte endå meir av den eigna jorda for frukt og grønt i vår region, og såleis auke landbruksarealet på desse produksjonane. Landbruket i Vestland må ha ambisjonar om å auke sine produksjon i takt med den nasjonale utviklinga og helst ta ein større relativ del.

Ei frukt- og grøntnæring som er spreidd over alle dei eigna regionane i Noreg, er også ein viktig strategi for robust klimatilpassing i høve meir uver og turke, og i høve reduksjon av unødig transport av matvarer.

Handlingsprogram 2021 og 2022-2025

Spørsmål:

Kva andre tiltak/aktivitetar bør inn i handlingsprogrammet for 2021 for å få på plass eit godt fleirårleg handlingsprogram for 2022-2025? Kva forslag til strategiar og tiltak i handlingsprogrammet for 2022-2025?

Konkrete handlingsplanar for dei ulike satsingane er kritisk for å kunne samordne og realisere dei føreslegne måla og strategiane. Sogn Frukt og Grønt har følgjande innspel til konkrete delaktivitetar dei næraste åra:

Eit samordna verkemiddelapparat i Vestland må saman med næringa lage ein masterplan for å sikre at Vestlandet får sin del av den forventade veksten på frukt og grønt-sektoren i Norge. Dette er ein av få produksjonar i landbruket utan overproduksjon og der Vestland har

naturgitte føresetnader for god og aukande verdiskaping. Dette arbeidet må gjennomførast i 2021.

Viktige delaktivitetar sett frå næringa dei komande åra er:

1. Støtte initiativ frå frukt og grønt-næringa som søker å ta marknadsposisjonar, fyller hol i marknaden og ynskjer å produsere nye produkt for den norske marknaden.
2. Støtte initiativ for å auke påverknad og justere maktbalansen i verdikjeda. Produsentane har ein altfor svak stilling i dag, men gjennom samarbeid i pakkeria, effektiv felles profilering, systematisk merkevarebygging og dialog med kundane kan denne uheldige situasjonen gradvis endrast.
3. Støtte opp om initiativ til eit meir klimasmart landbruk, særleg ved å vere aktiv medspelar i arbeid med tilgjengeleggjering, tilpassing og utprøving av ny teknologi. Både pakkeria og dei einskilde produsentane er allereie tunge teknologibrukarar, og presisjonslandbruk, robotisering, bruk av droner mm vil kunne gje vesentlege innovasjonar for betre kvalitet, mindre miljøbelastning og auka verdiskaping.
4. Støtte arbeide for mindre matsvinn gjennom teknologiske løysingar for betre sortering og distribusjon av varer. Dette vil gje vesentleg mindre svinn og betre produksjonsutbytte. I tillegg støtte og muleggjere innovative løysingar for vidareforedling av varer som i dag blir kasta i sorteringsleddet. Her er det stort potensiale for auke verdiskaping og jobbskaping i Vestland.
5. Støtte opp om og samarbeide med dei typiske og spesialtilpassa organisasjons- og samarbeidsstrukturane i Vestland; frukt- og grøntpakkeria. Dette er føresetnaden for at næringa skal overleve, vekse og vere ein del av eit nasjonalt klimatilpassa landbruk.
6. Støtte initiativ som arbeider for kompetanseheving og særleg rekruttering til landbruket. Den demografiske utvikling har vore negativ i lang tid, men særleg i frukt og grønt er det no mange lyspunkt.
7. Arbeide aktivt for at den nasjonale jordvernstrategien blir følgd i Vestland fylke med eit særleg vern av den jorda som det er minst av, som har stort verdiskapingspotensiale og som ikkje kan erstattast med tilsvarande landbruk andre stader i Norge.

Me ynskjer oss at slike aktivitetar blir tydeleg konkretisert i handlingsplanane. Sogn Frukt og Grønt bidreg gjerne i vidare arbeidet med slike tema, og me ser fram til å vera med å realisere denne viktige planen for Vestland.

På vegne av Sogn Frukt og Grønt SA

Endre Kleiveland
Styreleiar

Ivar Petter Grøtte
styremedlem